

6. Finansiering og evaluering av frivilligpolitikken


- Tiltak, framdrift og andre økonomiske og administrative konsekvensar av frivilligpolitikken skal avklarast i årlege budsjett/handlingsplanar og i økonomiplanen.
- Nye Stad kommune vert oppmoda om å evaluere og fornye frivilligpolitisk plattform seinast i 2021.



Frå kafédialogen om samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor i kommunestyret 26.01.2017:

«Korleis kan kommunen leggje til rette for utvikling i lag og foreiningar og styrking av frivillige lag og foreiningar si sjølvstendige rolle»

FRIVILLIGpolitisk plattform 2018-2021



Vedtak KS-033/18
15.03.2018



Med hjarte for lokalsamfunnet

Utan dei frivillige stoppar Noreg - utan dei frivillige stoppar Eid.

Vi er stolte og glade over å bu i eit lokalsamfunn der dugnadsånda så til dei grader pregar både fest og kvardag. Frivillig innsats er hjartet som får Eida-samfunnet til å pulsera.

Med denne Frivilligpolitiske plattformen får Eid for fyrste gong ein frivillig-politikk. Vi er glade for at frivilligheita i Eid utfordra Eid kommune på dette hausten 2016. Vi vil takke for godt samarbeid undervegs med Eid Frivilligsentral, lag og organisasjonar, og einskildpersonar.

Dokumentet er kort, konkret og lett å setje seg inn i. Det er i frivilligheita si ånd, og etter frivilligheita sitt ynskje. Vi ser ikkje dette dokumentet som noko slutt punkt - men tvert imot som starten på eit endå meir fruktbart samarbeid mellom Eid kommune og det frivillige Eid.

Saman klarer vi nesten alt - og skapar eit godt lokalsamfunn for alle.

Lukke til - dokumentet er til for å brukast!

Åslaug Krogsæter
Rådmann i Eid

Alfred Bjørlo
Ordførar i Eid



Frå kafédialogen om samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor:

«Kva kan di foreining bidra med i eit tettare samarbeid med kommunen»

1. Mål

Det skal vere enkelt å vere frivillig og å drive frivillig arbeid i Eid, til beste for kvar enkelt og for heile lokalsamfunnet.

2. Hovudprinsipp

Frivillig arbeid lever av lyst og dør av tvang.

Frivillig arbeid har ein eigenverdi. Frivillig aktivitet og dugnadsinnsats er i seg sjølv eit gode, og bidreg i tillegg til auka livskvalitet for alle som bur i kommunen. Frivillig innsats er viktig for å nå overordna, felles samfunns mål og for å ta vare på viktige verdiar i samfunnet.

3. Verdier

- Dugnad og frivillig innsats er ein viktig del av kulturen vår. Kommunal tilrettelegging er viktig for å halde oppe og vidareutvikle denne kulturen.
- Frivillig arbeid stimulerer til å ta samfunnsansvar, vere medmenneske og utvikle dugnadsånd og samkjensle.
- Frivillig arbeid skaper identitet og engasjement, og gir muligheit for aktivitet og deltaking i samfunnslivet. Samarbeid mellom alle sektorar i samfunnet – frivillig sektor, offentleg sektor, nærings- og arbeidsliv og den enkelte innbyggjar – er nødvendig for å oppretthalde og vidareutvikle gode lokalsamfunn.
- Ei positiv, open haldning til å samarbeide med frivillig sektor skal vere eit gjennomgåande styrings- og leiingsprinsipp i Eid kommune på alle nivå.

4. Forankring i Eid kommune sitt planverk

Frivilligpolitikken i Eid er forankra i følgjande mål og strategiar i Eid kommune sin vedtekne Samfunnsplan:

Tema	Mål	Strategiar som omhandlar frivillig sektor
Å bu i Eid	Innbyggjarane i Eid skal ynskje å bli buande og innflyttarane skal kjenne seg velkomne	1.5 Utvikle aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillig lag og organisasjonar 1.6 Arbeide med inkludering av innflyttarar og innvandrar
Å vekse opp i Eid	Barn og unge i Eid skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse.	2.1 Gje alle barn ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap 2.2 Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, med fokus på barne- og ungdomsaktivitetar 2.3 Stimulere til anleggsutvikling som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområda
Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid	Innbyggjarane skal oppleve livsmeistring og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølv og kunne meistre vanskelege livssituasjonar.	3.1 Scape variasjon som eit alternativ eller supplement til kommunale helse- og omsorgstenester gjennom forpliktande samarbeid med arbeidsmarknadsverksemdar, næringsliv og frivillige organisasjonar. 3.12 Samordne aktivitetstilbodet for fleire brukargrupper som er utanfor det ordinære arbeidslivet. 3.14 Ha spesiell fokus på barn og unge i førebyggjande arbeid
Å tilbringe aktiv fritid i Eid	Kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar, tilpassa dei ulike livsfasane, innan kultur, idrett og friluftsliv. Eldsjelene skal ha gode vilkår i Eid.	5.6 Støtte opp om aktive og inkluderande fritidsaktivitetar 5.7 Fremme positiv utvikling og dyrke fram dei gode initiativa gjennom samarbeid med «eldsjeler» 5.18 Planlegge for utvikling av uformelle møteplassar 5.22 Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet

5. Tiltak

5.1 Kommunal støtte til frivillig sektor

Prinsipp: Kommunal støtte til frivillig sektor må skje på frivillig sektor sine premisser. Kommunen skal bidra ved å leggje til rette, vere støttespelar og partner for frivillig sektor. Kommunale rammevilkår skal vere klare og tenlege sett frå det frivillige si side.

Prioriterte tiltak 2018-2021:

- Kommunen skal legge til rette for tilgjengeleg og enkel behandling av søknader om tilskot/støtte og leige av lokale.
- Det skal kvart år haldast kurs i bruk av tilskotsportalen og frivillig.no.
- Etablere ein frivilligportal på nettsida Eid inviterer. Portalen skal innehalde både informasjon om kommunen sine tilskot og andre bidrag til frivillige, og ei oversikt over lag og foreiningar i Eid kommune. Lenke til www.frivillig.no. Det skal også ligge oversyn over kva frivilligsentralen kan bidra med.
- Kommunen stiller skulelokale vederlagsfritt til disposisjon for frivillige organisasjonar og andre ikkje-kommersielle tiltak i nærmiljøet. Sak om reduksjon/fjerning av leigesatsar i andre kommunale bygg og idrettsanlegg skal setjast på dagsorden.
- Lage eitt tydeleg kontaktpunkt og bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor (ny kommunal frivilligsentral/ Frivilligkoordinator), som også kan gje råd og rettleiing til lag og organisasjonar.

5.2 Frivillig arbeid i kommunale tenester

Prinsipp: Frivillig sektor skal samarbeide med kommunen om å gje innbyggjarane best mogleg tenester, særleg for å gje ein kvardag med meistring, livskvalitet og glede til born, eldre og sjuke.

Prioriterte tiltak 2018-2021:

- Systematisk gå gjennom dei kommunale tenestene for å sjå kvar frivillige organisasjonar kan kome inn med tilbod og aktivitetar, ut frå kunnskap, kompetanse og engasjement i dei ulike frivillige organisasjonane.
- Faste møte mellom frivilligkoordinator og kontaktpersonar for tenesteområda for å avtale og avklare samarbeidet.
- Lage ei oversikt på nett over alle tilbod lag og organisasjonar har, og kvar frivillige som ønsker å bidra kan vende seg.
- Enkle retningslinjer for korleis kommunetilsette møter/samhandlar med frivillige skal lagast, og vert ein del av dei tilsette i Eid kommune si opplæring.
- For å skape eit tettare samarbeid mellom frivillige og avdelingane/institusjonane i Eid kommune, bør avdelingane/institusjonane lage ein plan for kva aktivitetar som høver for den spesifikke avdelinga/institusjonen og som frivillige kan bidra med

5.3 Møteplassar og medverknad

Prinsipp: Gode møteplassar og nært samarbeid mellom frivillig sektor og Eid kommune gjev betre utnytting av ressursar og betre avgjerder om styringa av lokalsamfunnet. Samhandling med frivillige skal vere ein del av Eid kommune sitt øvrige planverk på alle område der det er relevant. Frivillig sektor skal trekkast aktivt med i arbeidet med planar og strategiar i Eid kommune.

Prioriterte tiltak 2018-2021:

- Arrangere eit årleg Innbyggjartreff som ein fast møteplass mellom frivillige lag og organisasjonar og nye og gamle innbyggjarar i Eid
- Arrangere minst eitt årleg kontaktmøte mellom frivillige lag og politisk/administrativ leiing i kommunen der frivilligheita kan ta opp sine viktige saker og setje desse på dagsorden.
- Trekke frivillig sektor tidleg inn i kommunale planar og større saker - særleg utbyggingsprosjekt.
- Nytte Eid ungdomsråd, Eid råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eid elderråd, dessutan Eid Idrettsråd og liknande paraplyorganisasjonar som bindeledd til frivillige, lag og organisasjonar

